




Kvam kyrkje



Kvikne kyrkje



Skåbu kyrkje



Sørdorp kyrkje

KYRKJEBLAD

for

NORD-FRON

Nr. 2 • SOMMAR 2020 • Årgang 64



Over ser de bilde av Ingunn Liseter, vår kjære diakon. Blid og klar for nye oppgaver! Ho skriv meir om seg sjølv inne i bladet. Ferda for henne går sørover til Østfold og Fredrikstad-området. Der går ho inn i ei full stilling som diakon. Så er det litt symbolsk at ho står med «haiketommelen» klar, som om ho skulle haike til Østfold. Miljøbevisst som ho har vore hjå oss, hadde jo det passa! Eller kanskje tatt toget – stasjonen står i bakgrunnen. Men denne gangen blei det bil – en bil som var del av flyttelasset hennar til ny stad og nye oppgaver. Vi ynskjer henne alt godt for framtida, og Guds signing i oppgåva som diakon. Og vi takkar for alt ho har fått til her hjå oss!



www.nord-fron.kirken.no

TIL TENESTE

Nord-Fron kyrkjekontor
Tlf 612 16 290
Kyrkjevevjerje:
Tlf 612 16 292
Sekretær: Grete Bakken
Tlf 612 16 290

KONTORTIDER:
Kl 09.00-13.00
og elles etter avtale

SOKNEPREST:
Jens Petter Ous
Tlf. kontor 612 16 293
Mobil 975 74 993

Terje Elvestad
Tlf kontor 612 16 294
Mobil 456 11 772

DIAKON:
Stillingen blir utlyst

TRUSOPPLÆRAR:
Hildegunn Maria Haanes Ruset
Tlf kontor 612 16 286
Tlf mobil 959 35 300

KANTOR:
Cindy van der Leden
Tlf 954 61 356

ORGANIST:
Solfrid Grønbeck
Tlf. 416 18 405

SØDORP SOKN
Soknerådsleiar:
Kirsten Dina Leine
Tlf. 901 01 690
Kyrkjjetenar/gravar:
Anders Stø
Tlf 612 90 974/909 60 650
Kyrkjjetenar:
Frank Varpestuen
Tlf 456 06 026
Kyrkjjetenar Ivar Kvande
Tlf. 951 58 927

KVAM SOKN
Soknerådsleiar:
Egil Myhre
Tlf. 970 67 723
Kyrkjjetenar:
Svein Fredrik Kjæstad
Tlf 908 45 584

KVIKNE SOKN
Soknerådsleiar:
Kristian Ekre
Tlf 612 95 832/911 31 563
Kyrkjjetenar:
Jan Smikop
Tlf 951 22 470

SKÅBU SOKN
Soknerådsleiar:
Unni Bøyum Kluge
Tlf 932 92 209
Kyrkjjetenar:
Jan Smikop
Tlf 951 22 470

FAMILIE-RÅDGJEVING
Familievernkontoret, Otta
Storgt 21, 2670 Otta
Tlf 612 30 536
Kl 09.00 – 14.00

Grafisk produksjon:
Dale-Gudbrands Trykkeri a.s.
www.dg-trykk.no



HEIM OG KYRKJE



Døypte

KVAM:
Odin Saglien


SØDORP:
Magnhild Solli
Andrea Kristiansen Kaltrud
Inga Andersson
Iver Martinsheimen

SKÅBU:
Sigrid Varpestuen Slåstuen



Vigde

SØDORP:
Marlin Solli og Espen Skyberg



Døde

KVAM:
Aud Oddveig Haadem
Martha Holten
Magnus Brendemoen
Helge Birger Randen
Magnus Mork

SØDORP:
Thor Arne Randen
Arvid Magnus Wangen
Asbjørn Davidhaugen
Bjørnulf Nordberg
Stein Brede Moen
Magnhild Bæverfjord (Urne nedsettelse)

SKÅBU:
Johannes Risdal (Bisettelse)

KVIKNE:
Eva Korpberget

v:pps

VIPPS NUMMER TIL SOKNERÅDA

KVIKNE: 137266
SØDORP: 135692
KVAM: 113553
SKÅBU: 115389

NY KYRKJEVEVJERJE

Torbjørn Sakariassen er tilsett som ny kyrkjevevjerje og byrjar i stillinga 1. september. Vi ynskjer han velkomen i staben og til kyrkja i Nord-Fron.

Kyrkjekontorets e-post-adresse: grete.bakken@nord-fron.kommune.no

Heimeside: www.kirken.no/nord-fron

NESTE NUMMER

av «Kyrkjeblad for Nord-Fron» kjem ut i midten av oktober 2020.
Frist for stoff: 8. oktober.

KYRKJEBLAD FOR NORD-FRON

Dette nummeret er redigert av Grete Bakken og Jens Petter Ous.
Redaksjonskomitè: Unni Bøyum Kluge (Skåbu), Anders Hage (Kvikne),
Morten Sylte (Kvam), Aase Toxe Tveit (Sødorp).

Kyrkjeblad for Nord-Fron – Nedregate 50 – 2640 Vinstra
Kontonummer: 2095.49.59776

Kyrkjekontoret i Nord-Fron




Det nye kyrkjekontoret i Nedregate 54.

På forsommaren har vi flytta kyrkjekontoret i Nord-Fron, frå det gamle Jøndalhuset i Øvregate 39 til Nedregate 54, der det tidlegare har vore både postkontor, bank, IQ-data og kontor for kommunen, no sist var det kulturkontoret som heldt til der vi no har kome inn.

Vi har fått gode kontor og mykje felles areal, og god lagerplass. No bur vi oss inn og ordnar til slik at alle skal trivast og ha gode arbeidsplassar.

I desse Koronatider kan vi ikkje be folk inn i store flokkar, men har du eit ærend, så stikk innom. Vi held avstand, vi handhelsar ikkje og vi er nøye med handhygiene og vi hostar i albogekroken. Men sjølvstøtt kan vi prate med folk og ordne det som vi har ansvar for. Vi som jobbar i kyrkja, ynskjer at kyrkjekontoret skal vera ein stad det er triveleg å stikke innom, og vi er serviceinnstilt og vil, så langt det er mogleg, hjelpe den som treng hjelp av oss.



Det gamle kyrkjekontoret i Øvregate 39.



I går – 8.juni – var nokre av damene frå økonomiavdelinga i kommunen innom med blomar til oss nyinnflytte kyrkjaarbeidarar. Det sette vi pris på og vi takkar for flotte blomar!

Det er alltid triveleg å få syne fram korleis vi har fått det her i Nedregate 54.

Hilsen fra tidligere kirkeverge



Familien Løsnesløkken, Bak: Ragnar, David og Lena. Foran: Ester og Johanne.

Først vil jeg benytte anledningen til å takke for samarbeidet jeg hadde med Nord-Fron kyrkjelege fellelråd gjennom nesten 4 år. For min del var det både spennende og lærerikt. Planen var å bli værende i jobben som kirkeverge i flere år, men av og til byr livet på overraskelser og uventede vendinger. Sånn var det for meg da jeg fikk spørsmål om jeg kunne tenke meg å bli virksomhetsleder i Star of Hope Norge. Star of Hope er en kristen utviklings- og bistandsorganisasjon som driver arbeid i 12 land i verden for 30 000 barn. Mottoet er «Å gi utsatte barn en god start i livet». Det er virkelig meningsfylt å jobbe for at verdens fattigste skal få en bedre hverdag og et glimt av håp. Det gjør Star of Hope ved å ha fokus på utdanning, mat, rent vann, helse, landsbyutvikling og opptrening for barn med ulike nedsatte funksjonsevner.

Nøden og fattigdommen er stor rundt om i verden og det er lett å bli motløs fordi man gjerne skulle ha hjulpet så mange fler. Men for de barna og familiene som får hjelp, gir det håp for fremtiden. Det nytter å hjelpe!

En ekstra dimensjon ved jobben i Star of Hope er at vi gjør det sammen som familie. Kona har en liten stilling som innsamlingsmedarbeider og i tillegg er barna våre, David, Ester og Johanne ivrige medarbeidere. Vår hovedoppgave som familie er å reise rundt i Norge, ha konserter og å fortelle om arbeidet til Star of Hope. Vi jobber også med en plate som består av elleve egenskrevne sanger. Inntektene fra platesalget vil gå til Star of Hope.

Denne vinteren og våren ble ikke slik vi hadde trodd for noen av oss. Mange har opplevd å bli permittert eller mistet jobben. Usikkerheten for fremtiden og hvor lenge vi må leve med diverse smitteverntiltak har preget hverdagen. Allikevel er norske statsborgere privilegerte. Det

er lett å ta for gitt at vi har goder som mennesker i andre deler av verden bare kan drømme om.

I motsatt ende av skalaen er Haiti, som er verdens nest fattigste land. Landet er preget av jordskjelvkatastrofer, orkaner og politisk og sosial uro. I tillegg har matvareprisene økt med 25% det siste året. Her lever ca 4 millioner av 11,5 millioner innbyggere på sultegrensa. Star of Hope driver sju før- og grunnskoler på Haiti. En viktig del av hverdagen er at alle elevene får servert varm lunsj. Når skolene nå må holde stengt pga Covid 19, får det alvorlige konsekvenser for elevene. For noen elever betyr det at de går glipp av det ene måltidet de får om dagen fordi familien ikke har penger til mat. Derfor reiser Star of Hope ut med matkasser til elevene og deres familier slik at de har noe å spise. Utfordringen er at dette er mye dyrere enn å servere lunsj på skolen og tærer derfor hardt på budsjettene. Lignende situasjoner finnes i flere av våre prosjektland. Det er med andre ord et skrikende behov for mer ressurser.

Hvis du har lyst til å være med å hjelpe så kan du gå inn på www.starofhope.no og melde deg som sponsor/fastgiver.

Du kan også gi gaver ved å Vipps til nr 11576 eller sette inn penger på konto: 5005.06.89465. Star of Hope har liten administrasjon, har fokus på effektivitet og er selvfølgelig godkjent av Innsamlingskontrollen. Følg gjerne Star of Hope Norge på Facebook, Youtube og Instagram.

*Mvh
Ragnar Løsnesløkken
Virksomhetsleder Star of Hope Norge*

Fargelegg!

Teikning: Kari Sortland

David laga mange songar som står i Bibelen.



Finn 5 feil

David var ein gjetargut som Gud valde til konge over Israel. Dei to bileta er nesten like. Finner du de fem feila på biletet under?

Teikning: Kari Sortland



Finn namn på 10 edelsteinar!

I rutenettet under har vi gøymt namna på 10 edelsteinar. Namna står bortover frå venstre mot høgre og nedover. Klarar du å finne alle saman?

I	S	K	R	Y	S	T	A	P
K	A	O	S	B	E	R	G	Y
O	F	P	Ø	R	U	B	I	N
D	I	A	M	A	N	T	U	T
R	R	L	U	R	E	R	I	E
O	K	S	M	A	R	A	G	D
M	J	A	T	T	O	P	A	S
P	A	G	A	T	M	U	R	L
E	D	I	A	M	R	A	V	I
T	E	P	P	E	R	L	E	P

Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta
frå bladet.

Bestill
abonnement

på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



VITSAR

– Pappa,
kvifor gifta du deg
med mamma?
– Fordi mor di er ei
helt spesiell kvinne.
– Korleis då?
– Ho var den einaste
som ville ha
meg.

– Eg klarer
ikkje å sove når eg
har drukke kaffi!
– Så rart! Med meg er
det omvendt: Eg klarer
ikkje å drikke kaffi
når eg søv.

SØPPEL...



I dette nummer av Kyrkjebald for Nord-Fron må eg få lov til å snakke om søppel. Eg vil ta utgangspunkt i turen til søppelplassen i Lomoen med diverse avfall frå hage og opprydding i garasjen heime. Det vert alltid noko liggande som skal kastast! Vi har alle noko som må kastast av og til, og våren er tida for den slags arbeid. Framme på søppelplassen vart eg tatt vel imot av ein kar som sa kvar eg skulle kaste dei ulike tinga. Alt vart sortert slik det skal gjerast. Det er i grunnen godt at det er slik; då kan ting resirkulerast og bli til nytte att!

Like eins er det heime: papir i ein container, restavfall i ein annan og organisk søppel i ein tredje og plast i ein sekk. Glas og metall kan eg legge i container ved butikken. Alt vert samla inn av renovasjonsfolka. Det fungerer bra i Nord-Fron på dette området!

MEN.....

Kvifor fungerer ikkje dette på kyrkjegardane våre? Kvifor gidd ikkje folk å sortere der? Det er eit spørsmål vi har stilt oss gang på gang på kyrkjekontoret. Og no set eg ord på det i kyrkjebladet, i håp om at vi kan få ei endring!! (Eg er kvamver og kjenner best til tilhøva i Kvam og på kyrkjegarden der, men dette er eit problem vi kjenner frå dei andre kyrkjegardane òg. Bilda i denne artikkelen er frå Kvam kyrkegard).

Her gjeld det at kvar gjer sitt for at avfall skal kome på den plassen det skal. Og ein treng korkje høg IQ eller god hørsel eller godt syn for å klare dette! Vi har to plassar

å sortere søppel på kyrkjegardane (to søppelstativ): **Ein stad for organisk avfall, det vil seie: Gras, jord, blomar, kvist og lauv. I det andre søppelstativet skal restavfall kastast – det er: Potter, plast, lysboksar, lys, papir og glas.**

Er dette vanskeleg? For dei fleste av oss skulle dette vere særns enkelt! Enklare enn søppelsorteringa heime, til og med! Og like vel fungerer ikkje dette på kyrkjegardane våre! Kva kjem det av? Eg har ikkje svaret! Men nå må vi skjerpe oss , alle saman! «Ta deg saman!!» seier Atle Antonsen i ei TV-reklame for pantinga av flasker. Kanskje er det det det handlar om? Og hugs: Avfall skal ikkje plasserast på andre stader enn i søppelstativa. Skulle desse vere fulle, så set søpla ved sida av stativa (Sjekk fyrst om det er andre stativ på kyrkjegarden som det fortsatt er plass i).

Kanskje likar du ikkje tonen i det som her er sagt? Vel, det får våge seg! For dette er eit problem vi har søkt å løyse på mange vis i mange år, utan å lykkast. Men vi veit kva som skal til: Kvar tek ansvar for sitt søppel og sorterer slik det skal gjerast – då er problemet løyst! Enkelt og greitt! For alle ynskjer vi vakre kyrkjegardar der det er triveleg å vere. Og vi ynskjer, for kyrkjetenarar våre, at dei skal sleppe å sortere søpla etter folk som har hatt ærend på kyrkjegarden.

Dette klarer vi saman!

Jens Petter Ous



Da Adama fikk nye sko

I Norge blir det om våren eller sommeren som regel kjøpt et nytt klesplagg eller et par nye sko til de fleste. Ikke slik i alle land.

I 2007 jobbet jeg som frivillig engelsklærer i vel to måneder ved en ungdomsskole i det vestafrikanske landet Sierra Leone, i distriktshovedstaden Moyamba, en by på 12-15.000 innbyggere. Jeg har mange gode minner fra dette oppholdet; jeg vil dele ett av dem med dere:

På St. Michaels Secondary School (ungdomsskole og videregående skole, kun for gutter) med totalt ca. 500 elever, er det ingen vaktmester.

Heller ikke noen som gjør rent. Guttene selv må av og til koste golvene i klasserommene for sand. Det støver! En eldre mann ("The Security") har ansvaret for å åpne og låse dørene morgen og kveld. I hælene på gamle Pa Margai rusler nesten alltid ei lita jente. Bestandig barbeint og som regel ganske skitten. Det er hans datterdatter Adama på fem år. Jeg har lurt på om hun ikke har et par sko som hun kan bruke, men er kommet til at det har hun sannsynligvis ikke.


En dag kommer Pa Margai og stikker en papirbit i handa mi: "I am terrible in need of 4000 Leones my friend. I want to buy a pairs of shoe for my child, bet unfortunately am with out money, please help me my friend on this problem. Thanks." Står det på litt haltende engelsk.

Leones er landets lokale valuta. Jeg gir han 5.000, som tilsvarer omtrent 10 norske kroner.

Neste dag vinker han meg opp til skolens internat, der han, kona, hans voksne datter og hennes barn holder til. Der er Adama i ferd med å bli vasket fra topp til tå i en liten stamp. Så får hun på seg sine peneste klær - grønnrutete knebukser og ditto vest, begge med blomster på.




Noen av elevene mine i en av ungdomsskolens første klasser (tilsv. 7. kl. hos oss).



Adama (5) i Moyamba, Sierra Leone, for første gang med sko på føttene.

Og selvsagt sine nyinnkjøpte sandaler til slutt, som prikken over i-en! Det aller første skoparet hun har eid! Med en gravalvorlig mine ser hun på at jeg tar fram fotoapparatet og tar noen bilder av henne. For å bli fotografert er en høytidelig sak for mange i Sierra Leone. Da skal men vise sin verdighet. Men gjettt om jenta er stolt!

Jeg kan ikke la være å tenke på alle norske femåringer og øvrige barn, på alt hva de overøses med og alt hva de har - av klær og utstyr og leker.



Endringar grunna koronaepidemien

Året 2020 byrja som eit heilt vanleg for kyrkja som for alle andre, men så kom mars og ting endra seg. Koronaepidemien kom og til oss, og stort sett alt vart sett på vent. Restriksjonar og smittevern vart det som fylte dagane for folk flest, og oss kunne ikkje lengre møtast i større grupper. Alle arrangement som oss skulle ha med barn og unge kunne ikkje halde fram, gudstenester vart avlyst og dåp og gravferder vart halde med strenge restriksjonar. I skrivande stund så er det heldigvis opna opp for at vi kan halde gudstenester med opptil 50 personar, og når det er naudsynt held vi eigne dåpsgudstenester. Når det gjeld gravferd så gjeld det òg maks 50 personar.

Årets konfirmantar:

Heldigvis så var årets konfirmantar så og si ferdige med sine undervisningstimar. Oss fekk tidleg signal om at konfirmasjonane ikkje kunne gjennomførast no i vår og difor så er dei flytta til september og oktober. Før konfirmasjonsdagane vil det verta ei oppsummeringssamling for alle konfirmantane og eit foreldremøte med informasjon om korleis konfirmasjonane vil bli gjennomførte. Her må oss berre av vente og sjå kva for restriksjonar som framleis gjeld i haust og rette oss etter det. Innkalling til samling og foreldremøte vert sendt ut ved skulestart.

Konfirmasjonsdatoar hausten 2020:

Skåbu kyrkje: 12. september kl. 11.00.
Sørdorp kyrkje: 12. september kl. 10.00 og 12.00
Sørdorp kyrkje: 13. september kl. 11.00
Kvam kyrkje: 19. september kl. 11.00
Kvikne kyrkje: 3. oktober kl. 11.00

Konfirmantar våren 2021:


Oss hadde sett fram til å dra på konfirmantleir med neste års konfirmantar og, men dessverre så let ikkje det seg gjennomføre grunna korona. Det vil difor bli ein litt annan start på konfirmasjonsåret for dette kullet. Vi startar opp året med å gå pilegrimsleden frå Sørdorp til Kvam med messe i Kvam kyrkje. Datoen vi har sett er 26. september og vi samlast ved Vinstra ungdomsskule kl. 14.30. Det vil bli kalla inn til eit møte for konfirmantane med foreldre i byrjinga av september og da reknar vi med å ha ei plan for året.

Konfirmantjubileum:

Det blir ikkje noko konfirmantjubileum i haust slik som vi har brukt å ha. Årets jubilarantar vil bli inviterte saman med jubilarane i 2021. Invitasjon vert sendt på nyåret.

Datoar for jubilea 2021:

Sørdorp kyrkje: 6. juni kl. 11.00
Kvam kyrkje: 13. juni kl. 11.00
Skåbu kyrkje: 13. juni kl. 11.00
Kvikne kyrkje: Dato kjem over sommaren.



En hyllest og hjertens takk!

“Størst av alt” er “evangeliet i handling” i sin bredde og vidde som setter en himmel over livene våre. Vi har fått stafettpippen i misjonsbefalingen, og vårt oppdrag er å gi det videre og dit vi blir sendt. Den Hellige Ånd blåser dit den vil, og den følger oss dit vi skal. Det kan beruse oss med kraft og krefter vi vanskelig kan leve med. Vi må følge kallet dit det fører, og nå var det min tur – igjen!

Salmen; «Fader du har sendt meg, livet mitt jeg gir deg, send meg bruk meg» har fulgt meg siden tidlig ungdomsår. Seinere kom salmen; slik som min Fader sendte meg, sender jeg dere (NS. 991)

Uro i kropp og sjel som ikke slipper taket. Nå som jeg endelig hadde fått fotfeste og kunne bruke evnene og kunnskapen jeg har blitt tildelt. Tilhørighet blir et vanskelig begrep, når kallet og sendebudet rammer. Jeg fortsetter å arbeide i kirken, og nå som diakon i

100% stilling i Gressvik og Onsøy sokn ved Fredrikstad. (Merk at jeg er oppvokst i Våle, på andre siden av Oslofjorden)

Med blanke ark i et nytt landskap og kultur, nye medarbeidere og prosjekt med å lage ny diakoniplan, vil en større del av fagfeltet mitt bli brukt.

Savn og vemod over det som har vært, er en slags sorg med islett av glede over å ha fått være i tjeneste i Nord-Fron. Kollegaer, rådene, kirkevandringer med venner i bofellesskapet, salmekvelder, andaktsstunder på Sundheim, gravferder og andre kirkelige handlinger, menneskene jeg har møtt og mye mer. Det har satt varige spor og som jeg vil minnes med glede.

Tusen takk for meg! På gjensyn – til vi sees igjen!
Ingunn Liseter. 9. juni 2020

Aud Haadem til minne

Vår gode venn og medarbeidar Aud sovna stille inn i heimen den 13.mars, og vart gravlagd frå Kvam kyrkje den 20.mars. Kyrkjene i Nord-Fron vart hennar kall og oppgåve frå ho vart tilsett som kyrkjevevje i kommunal stilling i 1989, til ho vart pensjonist i 2016. Ho etterlet seg fire kyrkjer og eit kapell, med tilhøyrande kyrkjegardar, i god stand. Ho hadde grunn til å vere fornøgd med sin innsats, noko ho nok var, men ho var ikkje den som framheva seg sjølv. Ho var avhengig av å ha arbeidsvillige sokneråd, og ikkje minst ein stab med dugande kyrkjetenarar - berre slik kunne kyrkjevevja nå sine mål. Ho styrde «karan» med fast hand, og såleis kan folk i kommunen gle seg over vakre og tenlege kyrkjeanlegg.

Aud hadde også sansen for det indre liv i kyrkjelysten. Ho var ein pådrivar for å få oppretta diakonstilling - eit viktig tilskot til kyrkjestaben, og ei ikkje mindre viktig teneste for kyrkjelydane. Det var i samarbeid med biskop og bispedømmeråd ho fekk til dette. Det var ikkje fyrste gong ho hadde med biskopen å gjere. Då Georg Hille kom på visitas, kunne ho og biskopen dele med oss at Aud hadde sete på hans fang ein gong! Mor til Aud, Anne Stenen (gift Røssummoen) gjekk på gymnaset saman med den seinare biskopen. I klassen gjekk og eit anna biskop-emne, Fredrik Grønningsæter, og då dei to besøkte si klassevennine Anne etter at ho hadde vorte mor til Aud, kom småjenta etter tur på fanget til dei to kommande prelatar. Såleis fekk den seinare kyrkjevevja si biskoppelege velsigning på førehand!

Med den nye kyrkjelova av 1997, vart Nord-Fron kyrkjelege fellesråd oppretta, og kyrkja vart fristilt i høve til kommunen, med sitt eige budsjett og med arbeidsgjevar-ansvar. Kyrkjevevja vart administrativ leiar i kyrkja lokalt. 1997-lova innebar ein «stille revolusjon» i kyrkja. Slik kjennest det for ein gamal sokneprest som minnest den tida då presten styrde kyrkjekontoret og hadde lite eller ingenting av kontor-hjelp. No har kyrkjekontoret både dagleg leiar/kyrkjevevje, og kontor-medarbeidar/sekretær. Prest, diakon og trusopplærar kan ofre seg for det faglege arbeidet «i felten». Ei viktig side ved denne reforma er at kvinnene kjem inn i leiande stillingar i kyrkja. I Nord-Gudbrandsdal prosti var det i Aud si tid kvinner i 7 av 7 kyrkjevevjestillingar.

Med den nye situasjonen fekk Aud høve til å vidareutdanne seg. Ho studerte administrasjon og leing ved Diakonhjemmet i Oslo. Det gav henne kompetanse og tryggleik i det ansvarsfulle arbeidet med budsjett og personalforvaltning. Ho fekk etablert eit

godt samarbeid med Nord-Fron kommune, med gode rammer for drifta av kyrkjene, sjølv om det stundom vart trangt. Det var berre eitt år det vart krise, då hovudkyrkja måtte stengast nokre månader. Aud var flink til å få nytta ressursane på best mogleg måte. Ho såg det som viktig å heve nivået for det jamne, årlege vedlikehald. Og så fekk ho og gleda av å sjå mange gode byggeprosjekt gjennomført.

Aud hadde sin eigen stil, som var nokså direkte. Såleis trong ein ikkje vere uviss på kor ein hadde henne. Såg ho teikn til ugreie i staben, var ho snar til å seie i frå. Men smilet og den treffande replikken var aldri langt borte. Blant medarbeidarane var ho eit muntrasjonsråd. Vi vil ikkje minst minnast trivelege stabsturar som ho fekk i stand, der ho gledde seg over samveret og dei gode relasjonar.

Heilt frå barndommen sleit Aud med astma, og helsa vart ikkje betre som åra gjekk, og andre ting støyte til. Ho hadde ikkje lett for å gje seg, og tok ikkje sjukmelding før ho plent måtte. Det var eit høgdepunkt i året for henne, når ho saman med si gode venninne Mary kunne sette seg på flyet til ferie på Tenerife. Varmen i Syden gjorde henne godt. Når ho dei siste åra måtte gje avkall på dette, forstod vi kor små marginar ho hadde å gå på helsemessig. Aud gledde seg ved å gå på jobb kvar einaste dag, og ho var ikkje den som stunda etter å pensjonere seg. Men tida stana ikkje, og dagen kom då ho måtte rydde kontor-plassen sin. Ho såg jamt innom kyrkjekontoret, og kunne gje råd og hjelp framleis. Ein kunne merke at kreftene var små, om humøret var som før. Reisebodet kom uventa for oss andre, men kanskje ikkje for Aud sjølv. Ho fekk legge seg til kvile heime hos seg sjølv, ei stille avferd og slik det såg ut, ein lett død.

Kyrkjefolket i Nord-Fron kjenner på takksemd for hennar gode arbeid gjennom mange år, og saman med hennar kjære - barn, svigerbarn, barnebarn og oldebarn - tek vi med oss gode og glade minner etter samveret med Aud. Fred over hennar gode minne!



KjR

Korona-tida, for meg

Det starta veldig brått, kom som eit uventa gufs av vind.

«Det går bra, vi får ei vanleg påske!» sa alle, men sannheita var dei langt ifrå.

Eg trudde at det ville ta to veker, tre veker, fire veker, men det endte opp på over 8.

Den dagen eg skriv dette, er den første normale dagen vi har hatt på 10-12 veker. Det er omtrent 3 månadar.

Det var rart å sitte heime den helga eg eigentleg skulle ha konfirmasjon. Eg visste, at viss korona ikkje hadde kome hit, ville eg no ha stått på kne framfor presten, og fått Guds, Sonens og Den heilage Andes velsigning. Det var ei rar helg, for elles ville eg løpt rundt, pynta bord, vore med å lage mat, kle på meg bunad, og mykje anna.

Det at vi no endeleg skal byrje normal att, er... er uvanleg. Ja, *u*vanleg. Vi har fått det som vane, dette med heimeskule, det å stå opp litt seinare på dagen, for så å sitte i ro mens vi gjer oppgaver som vi har fått tilsendt over Internett. Det er rart det.

Eg tenkjer på den gongen eit barnebarn av meg skal konfirmere seg, og eg kan fortelje om året 2020, den store pandemien korona.

Og til alle dei som les dette, vil eg berre seie at vi har vore sterke gjennom denne tida: vi har stått saman som eit folk, på ein måte vi aldri skulle tru vi kunne klare.

Eg gleder meg til å endeleg starte på skula på ordentleg no att, sjølv om det berre er tre dagar og ei veke att, så er det ei gåve eg er glad for å ta imot.



Sigmund Ruset Sletten


SKÅBU KYRKJE SOMMAREN 2020

Skåbu kyrkje er ope
måndagar, onsdagar og
laurdagar kl. 11.00 -15.00
i tidsrommet 22. juni til
15.august.

Kyrkja vert òg opna ved
førespurnad, kontakt da
Unni Bøyum Kluge
på telefon 93 29 22 09.



Forventning fram mot dei gode møta



Trusopplæringa sette på pauseknappen i mars. Vi skulle ha hatt samlingar med 6-åringar i vår, samt diverse opplegg med konfirmantar og anna ungdom og haldt fram med Laurdagsklubb, SUPERTYSDA og babysong. Vandring i Liadalen, ungdomskveldar, KRIK-treningar, leiartrening m.m. Vi oppretta ei side for trusopplæringa på Facebook, for å ha ein kommunikasjonsplattform. Vi har og hatt kontakt med ungdomsleiarar og konfirmantar gjennom SMS og nokre enkle, korte møter, blant anna kor konfirmantane fekk Ein heilt overkommeleg Bibel i gåve frå oss. Denne vesle kontakten har vore verdifull!

Internett har vore ein fantastisk plattform desse månadane! Men det har og blitt mykje skjermtid for barn og unge: lekser, undervisning, avslapping, sosialisering - alt har skjedd på skjermen. Mange av dei som deltek i trusopplæringa er for unge til å bruke skjerm og sosiale medier, dei eldre har allereie hatt mange aktivitetar knytt til skjermen. Vi tok derfor tidleg valet om å spare dei gode møta til vi faktisk kan møtast. Dette betyr at vi prøver å ta att mest mogleg til hausten og driv meir intens verksemd rundt trusopplæringa då, når vi forhåpentlegvis kan treffast ansikt til ansikt.

Vi har sakna dei gode møta og ser fram til å invitere att! Vi startar så smått med å invitere to-åringane til kyrkja no i juni og juli! Dei får leite etter helse på lammet

Krølle! Til hausten blir det skulestartsgudsteneste for alle spente 1.klassingar! Det blir Kirkerotteteater, hausttakkefest, ungdomskveldar og mykje meir. Følg ”Trusopplæring i Nord-Fron” på Facebook og få oppdaterte datoar der! Invitasjonar kjem og i posten.

Denne våren har vore rar og annleis for oss alle. Skremmande og traumatisk for nokon. Kjedeleg kanskje? Deilig og roleg for andre. Det har vore mykje samhold, men og mykje avstand og einsemd. På ein måte så har vel barna takla det best, som med så mykje anna. Men det er lett vint å ty til at ”dei er så tilpassingsdyktige, dei små”. Dei er kanskje det, men kanskje dei og er i beit for måtar å uttrykke seg på. Dei har ikkje alltid orda for å beskrive at dei saknar vener, barnehage, besteforeldre eller butikturen. Dei gjer det nok, men veit ikkje alltid korleis dei skal omsetje tankar og kjensler til ord dei kan dele. Vi må prate med dei om ein annleis kvardag, sjølv om dei tilsynelatande tek det på strak arm. No normaliserast mykje, men framleis skal vi ha fokus på tiltaka som gjer det mogleg å sette samfunna sine hjul i gang att. Slepp vi opp alt, kan vi risikere å måtte stenge ned att. Eg håper vi slepp det, aller mest for barna og ungdommen si skuld! Vi treng kvarandre. Velkomne att til kyrkja og trusopplæringa i tida som kjem!

KRIK

KRISTEN IDRETTSKONTAKT

Veit de at ungdomen i Midt-Gudbrandsdalen har eit heilt supert tilbod som heiter KRIK? I snart tre år har to spreke, morosame og gode karer, Torstein og Erlend, arrangert trening med innhald for ungdommen i Midt-Gudbrandsdalen. Dei gjer dette som del av organisasjonen KRIK, Kristen idrettskontakt. Dette er eit lavterskel-tilbod, både trenings- og trusmesig! Morosam, leikande trening for folk i alle form-kategoriar og enkle, korte andaktar for alle trus-kategoriar. I tillegg er det mykje moro, både på trening og utanom. Nokre gonger

møtast gjengen til pizza og fotball på tv eller tv-spel i Kyrkjestugu. Nokre gonger trener dei ute, andre gonger inne.

Det har lenge vore ein fast gjeng som har møtt opp på KRIK-trening, det er svært gledeleg når dei same kjem att gong etter gong – det gir godfølelsen til arrangørane. Særskilt gledelig våren 2020 er at det også kom med mange nye ungdomar på KRIK-trening, fleire av dei konfirmantar. Det vart ein brå stopp i mars, men jammen rakk gutta å arrangere tre trivelege treningar før vi tok sommarferie i juni. Vi håper at både «gamle» og nye mosjonistar vil møte opp på trening og moro frå august! KRIK er eit unikt og godt fellesskap der bevegelsesglede rammast inn av triveleg sosialisering og moro! Finn KRIK Midt-Gudbrandsdal på Facebook for meir info. Trusopplæringa i kyrkja i Nord-Fron samarbeider med KRIK Midt-Gudbrandsdal, de kan finne info også på våre sider.

VEL MØTT!

Kirke rottene

VELKOMMEN
TIL KYRKJETEATER!

Vi diggar Kirkerottene Vesle og Fredo - og sjølvsagt kjem dei på besøk att i haust! Dei har med seg fantastiske Viggo, ei flaggermus som trur han er ei svale...

Hold av datoen og gled dykk!

I Kvam kyrkje 31.oktober kl. 11.30 blir det rotteboller, rottesaft, rotteteater og rottemorro for barn i alle aldre! Passar spesielt godt for dei mellom 3-7 år, men alle har det morro på rotteteater!

Det er trusopplæringa i kyrkja i Nord-Fron som inviterer og arrangementet er åpent- og gratis for alle.



Bakkestugu 5.juli 2020 kl 12.00

Nokre små glimt frå tidlegare år i Bakkestugu. Kulturvandring i forkant av gudstenesta har blitt tradisjon. Like eins er det med Skåbu-korpset, som spelar for oss denne dagen. I år blir det «Krøllegudsteneste», tilpassa dei yngste – og har dei det bra – blir det ein god dag for oss alle!

Velkomen til Bakkestugu!



SpareBank
GUDBRANDSDAL
Tlf. 612 18 000 - Web adr: www.s1g.no



Vekstra
Regnskap Gudbrandsdalen

Avd: Vinstra, Nedreg. 63, 2640 Vinstra
Avd: Fåvang, Stasjonsv. 1, 2634 Fåvang
Tlf 61 29 52 70



Lymoens Gartneri

Gammelgata 26, 2640 Vinstra - Tlf. 61 29 15 46 - 901 41 354

Vinstra;libris

Peer Gynt Kjøpesenter | 2640 Vinstra
Tlf: 61 29 04 09 | vinstra@libris.no
www.libris.no/vinstra

Dale-Gudbrands Trykkeri a.s

2635 Tretten, tlf. 61 27 73 50.

www.dg-trykk.no



HÅREK
FRISØRSALONG
-KVAM-



Vinstra.
Tlf 61 29 04 01

TOYOTA

DOKKEN BIL AS

Tlf. 61 29 29 20 Lomoen, 2640 Vinstra
http://vinstra.toyota.no - E-mail: post.vinstra@toyota

Hageland
Bjørke



Tlf 915 750 74

Vi hjelper deg med blomster til
begravelse og andre anledninger.

OM Bakken Bygg AS
ENTREPRENØR - HUS OG HYTTER

Lomoen - Vinstra
Tlf. 61 21 60 00
Fax 61 21 60 01

Bakken
Begravelsesbyrå Tlf. 47 68 22 27



Gudbrandsdal
Energi

Tlf. 61 29 47 00 - www.ge.no



Tlf. 61 29 49 40 - www.rondablikk.no
Rondablikk har lokaler som dekker det fleste behov:
• Barsedåp • konfirmasjon
• bryllup.

Og om det er noen som runder år,
er dere velkomne til å feire dette sammen med oss.
Nyt middagen til med utsikten til fantastiske
Rondane.

Lore Søndenfor
Landbruksentreprenør Tlf 901 97 409

SENTRUMS
HJØRNET

Elvevegen 4 - Kvam. 906 39 181

Vinstra Begravelsesbyrå

Liv Veikleengen

Liv: 958 99 899 - Lise: 995 82 943

Døgnvakt – Gravmonumenter
Etablert 1979

RUSTUGUSETRA

Parkering - Butikk - Transport - Hytteservice

Tlf. 61 29 49 46 - Mob. 909 98 173
2642 Kvam

TEIGEN – TANGEN
byggfirma

Mob. 95 94 87 11 og 95 25 87 30

Peer Gynt Seterveg

Peer Gynt Seterveg starter på vinstra og ca. 45 km.
Den møter Kvam Sterveg på grensa Sødorp/Kvam.

Ta turen over fjellet, en fantastisk tur!

Se og les mer på: www.peergyntseterveg.com



ruste regnskap

Strandgt. 54, 2640 Vinstra. Tlf: 61 29 26 60 / 924 64 529
E-post: post@rusteregnskap.no

REMA 1000

Lomoveien 1, 2640 Vinstra
Tlf. 61 29 50 00

CIRCLE K

Kvam
Tlf 61 29 44 30

KIWI mini pris

KIWI KVAM
TLF. 612 16 850

HVEM KAN SLÅ

Anne Kari Haugalien?

MIDTDALENS HUMORDRONNING
OG SELVERKLÆRT MOSJONIST

Furusjøen rundt FOR ALLE!

RENN RITT LØP

Aktive og mosjonister
Flere distanser
Ulike utfordringer

 **Sterk & Smidig**
trening for alle
Tlf. 922 50 868

 **Toksekleiva**
HUNDEPENSJONAT - VINSTRA
Tlf. 971 88 621

Fronraktor Service

Rustvegen 170, 2640 VINSTRA. Telefon: 612 92 460.



SLANGEN SETER

Anita Stebergløkken, tlf 90 95 88 38. Slangsliv. 290, 2634 Skåbu
E-post: post@slangen-seter.no - www.slangen-seter.no

Minnesamvær, barkedåp, konfirmasjon, bryllup, jubileum.

Spisesal med plass til 45 pers. - stemningsfull peisestue - overnattingsmuligheter for totalt 60 pers. - gammel miljøskapende fjellstue i unike omgivelser - fjellgård.



Skåbu Servicesenter
Hos Rødhette & Ulven

- Restaurant • Bar
- Catering • Cafe
- Kokken hjem/På hytta

61 29 55 86 - 975 62 208
2643 Skåbu - [facebook](#)

Velkommen

coop marked

**SKÅBU REGNSKAP AS**

post@skaaburegnskap.no

Tlf.: 413 83 898

MEMBER
REGNSKAP
NORGE



KLYPPEKROKEN

TOVE IREN ERIKSEN

Tlf. 97 73 72 14

STØTT VÅRE ANNONSØRER!

NYE ANNONSØRAR

er velkomne frå og med neste nummer. Ta kontakt med Kyrkjekontoret, tlf. 612 16 290.

E-post: grete.bakken@nord-fron.kommune.no

Gudstenester i Nord-Fron

	SØDORP	KVAM	KVIKNE	SKÅBU
5-s i treeiningstida 5.juli Matt 7,15-20				12.00 Bakkestugu Krølle-/ Familiegudst Kjartan Ruset (10.00 Kulturvandring)
Aposteldagen 12.juli Luk 5,1-11	10.00 Kyrkja Høgmesse. Nattverd. Kjartan Ruset	12.00 Høgmesse Nattverd Kjartan Ruset		
7-s i treeiningstida 19.juli Luk 15,1-10	12.00 Lomsætra Sætermesse Kjartan Ruset		10.00 Høgmesse Nattverd Kjartan Ruset	
26.juli	INGEN GUDSTENESTER I NORD-FRON			
Olsok 29.juli Joh 12,24-26	20.00 Bygdatunet Olsokmesse Jens Petter Ous	18.00 Kapellet Olsokmesse. Nattverd Jens Petter Ous		
9-s i treeiningstida 2.august Matt 11,28-30	11.30 Sundheim Høgmesse. Nattverd Jens Petter Ous			19.00 Høgmesse Nattverd Jens Petter Ous
10-s i treeiningstida 9.august Matt 11,28-30		11.00 Kvamsfjellet Peer Gynt-messe Jens Petter Ous		
11-s i treeiningstida 16.august Matt 23,37-39	10.00 Kyrkja Høgmesse. Nattverd Jens Petter Ous		12.00 Sætermesse Breistulen, Ekre Jens Petter Ous	
12-s i treeiningstida 23.august Matt 6,24-34		10.00 Høgmesse. Nattverd Jens Petter Ous		12.00 Høgmesse. Nattverd Jens Petter Ous
13-s i treeiningstida 30.august Matt 25,14-30	17.00 Kyrkja Høgmesse. Jens Petter Ous		11.00 Høgmesse.. Nattverd Jens Petter Ous	
Vingardssøndag 6.september Matt 20,1-16		11.00 Høgmesse Nattverd Jens Petter Ous		11.00 Høgmesse Nattverd Terje Elvestad
Lørdag 12.september	10.00/ 12.00 Kyrkja Høgmesse med konfirmasjon Terje Elvestad			11.00 Høgmesse med konfirmasjon Jens Petter Ous
15-s i treeiningstida 13.september Matt 5,38-48	11.00 Kyrkja Høgmesse med konfirmasjon Terje Elvestad			
Lørdag 19.september		11.00 Høgmesse med konfirmasjon Jens Petter Ous		
16-s i treeiningstida 20.september Mark 7,31-37		19.00 Kveldsmesse Nattverd. Jens Petter Ous	11.00Høgmesse. Nattverd. Jens Petter Ous	
17-s i treeiningstida 27.september Joh 11,17-29.30-46	17.00 Kapellet Hausttakkefest 4- og 5-åringar. Nattverd. Terje Elvestad			11.00 Hausttakkefest. 4- og 5-åringar. Nattverd. Terje Elvestad
Lørdag 3.oktober			11.00 Høgmesse med konfirmasjon Jens Petter Ous	
18-s i treeiningstida 4.oktober Matt 8,14-17	17.00 Kyrkja Eftsmesse. Nattverd. Terje Elvestad	11.00 Hausttakkefest. 4- og 5-åringar. Nattverd. Terje Elvestad		
19-s i treeiningstida 11.oktober Matt 5,20-26			11.00 Hausttakkefest. 4- og 5-åringar. Nattverd. Jens Petter Ous	
20-s i treeiningstida 18.oktober Joh 11,1-5	11.30 Sundheim Høgmesse. Nattverd. Jens Petter Ous			

I GD på «Det Skjer» på fredager / På nettsida: www.nord-fron.kirken.no / Plakatar ved alle kyrkjene våre

